



ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2023 - GENERELL INFORMASJON

Enheten

Organisasjonsnummer:	955 996 836
Organisasjonsform:	Aksjeselskap
Foretaksnavn:	VEST-TELEMARK KRAFTLAG AS
Forretningsadresse:	Høydalsmovegen 815 3891 HØYDALSMO

Regnskapsår

Årsregnskapets periode:	01.01.2023 - 31.12.2023
-------------------------	-------------------------

Konsern

Morselskap i konsern:	Ja
Konsernregnskap lagt ved:	Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet:	Nei
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet:	Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet:	Stine Hille
Dato for fastsettelse av årsregnskapet:	04.06.2024

Grunnlag for avgivelse

År 2023: Årsregnskapet er elektronisk innlevert
År 2022: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2023

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 01.07.2025



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
RESULTATREKNESKAP			
Inntekter			
Salsinntekter	1,2	315 565 000	481 422 000
Anna driftsinntekt	3	32 028 000	28 569 000
Sum inntekter		347 593 000	509 991 000
Kostnader			
Varekostnad	4	72 151 000	180 026 000
Lønnskostnad	5	9 776 000	7 803 000
Avskrivning på varige driftsmiddel og immaterielle egedelar	10,11	15 107 000	14 359 000
Annan driftskostnad	6,7	48 896 000	45 753 000
Sum kostnader		145 930 000	247 941 000
Driftsresultat		201 663 000	262 050 000
Finansinntekter og finanskostnader			
Anna renteinntekt	8	9 199 000	3 138 000
Anna finansinntekt	8	64 000	65 000
Sum finansinntekter		9 263 000	3 203 000
Annan rentekostnad	8	7 999 000	3 900 000
Annan finanskostnad	8	2 000	6 000
Sum finanskostnader		8 001 000	3 906 000
Netto finans		1 262 000	-703 000
Ordinært resultat før skattekostnad		202 925 000	261 347 000
Skattekostnad på ordinært resultat	9	126 699 000	154 023 000
Ordinært resultat etter skattekostnad		76 226 000	107 324 000
Årsresultat		76 226 000	107 324 000
Overføringer og disponeringar			
Ordinært utbytte		28 370 000	90 000 000
Konsernbidrag		12 168 000	0
Overføring til/frå annan egenkapital		35 686 000	17 324 000



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
Sum overføringar og disponeringar		76 224 000	107 324 000



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
BALANSE - EIGEDELAR			
Anleggsmiddel			
Immaterielle egedelar			
Konsesjonar, patentar, lisensar, varemerke og liknande rettar	10	3 538 000	3 350 000
Sum immaterielle egedelar		3 538 000	3 350 000
Varige driftsmiddel			
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	11	13 819 000	123 934 000
Maskinar og anlegg	11	254 795 000	144 649 000
Driftslausøyre, inventar, verktøy, kontormaskinar og liknande	11	891 000	749 000
AUU	11	1 188 000	-312 000
Sum varige driftsmiddel		270 693 000	269 020 000
Finansielle anleggsmiddel			
Investeringar i dotterselskap	14	179 000	179 000
Investeringar i tilknytt selskap		11 992 000	8 636 000
Lån til tilknytt selskap og felles kontrollert verksemd	14	181 214 000	2 315 000
Investeringar i aksjar og partar	14	29 000	29 000
Sum finansielle anleggsmiddel		193 414 000	11 159 000
Sum anleggsmiddel		467 645 000	283 529 000
Omløpsmiddel			
Varer			
Varer		2 273 000	685 000
Sum varer		2 273 000	685 000
Krav			
Kundekrav	21	29 946 000	38 315 000
Andre krav	15,21	46 957 000	251 008 000
Sum krav		76 903 000	289 323 000
Bankinnskot, kontantar og liknande			
Bankinnskot, kontantar og liknande	16	19 760 000	76 226 000
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		19 760 000	76 226 000



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
Sum omløpsmiddel		98 936 000	366 234 000
SUM EIGEDLAR		566 581 000	649 763 000
BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Selskapskapital	17	143 192 000	132 740 000
Sum innskoten eigenkapital		143 192 000	132 740 000
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital	17	74 346 000	38 088 000
Sum opptent eigenkapital		74 346 000	38 088 000
Sum eigenkapital		217 538 000	170 828 000
Gjeld			
Langsiktig gjeld			
Utsett skatt	9	4 086 000	2 564 000
Sum avsetjingar for plikter		4 086 000	2 564 000
Anna langsiktig gjeld			
Langsiktig konserngjeld	19	153 000 000	153 000 000
Sum anna langsiktig gjeld		153 000 000	153 000 000
Sum langsiktig gjeld		157 086 000	155 564 000
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	22	12 107 000	40 203 000
Betalbar skatt	19	121 906 000	153 352 000
Skuldige offentlege avgifter	19	4 218 000	14 508 000
Utbytte	19	28 370 000	90 000 000
Kortsiktig konserngjeld	19	14 889 000	2 952 000
Anna kortsiktig gjeld	19	2 688 000	16 015 000
Kortsiktig gjeld andelsverk	19	5 954 000	3 788 000
Skyldig løn	19	202 000	0
Pensjonsforpliktningar	18	1 624 000	2 554 000



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
Sum kortsiktig gjeld		191 958 000	323 372 000
 Sum gjeld		 349 044 000	 478 936 000
 SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		 566 582 000	 649 764 000



Revisorteam Vest Telemark AS

Tilsluttet Revisorteam AS

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Til generalforsamlinga i Vest-Telemark Kraftlag AS

Konklusjon

Vi har revidert Vest-Telemark Kraftlag AS sin årsrekneskap som viser eit overskot kr 76 224 427. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2023, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne dato, og noter til årsrekneskapen, og eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gjev årsrekneskapen eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2023 og av resultat for rekneskapsåret avslutta per denne dato, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er skildra under overskrifta Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov, forskrift og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av the International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglene), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenelege som grunnlag for vår konklusjon.

Ytterlegare informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarleg for informasjonen i årsmeldinga. Vår konklusjon om årsrekneskapet ovanfor dekker ikkje informasjonen i årsmeldinga.

I samband med revisjon av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese årsmeldinga. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd oss under revisjonen av årsrekneskapet, eller om informasjonen i årsmeldinga står fram som vesentleg feil. Vi har plikt til å rapportere dersom årsmeldinga står fram som vesentleg feil. Vi har ingenting å rapportere i så måte.

Basert på den kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneheld dei opplysningane som ein skal gje etter gjeldande lovkrav.

Statsautorisert Revisjonsselskap
Autorisert Rekneskapsførarselskap
Adresse Vinje
Åmotvegen 8, 3890 Vinje
Adresse Seljord:
Brølosvegen 47, 3840 Seljord

Org.nr.: 968 407 880
Tlf. kontor: 35 06 27 00
Avd. kontor Seljord:
Tlf.: 35 06 27 10

Statsautorisert revisor Siv Asrmodt
Statsautorisert revisor Inger Noraberg
Statsautorisert revisor Tor Einar Skarprud
Statsautorisert revisor Aud Eva Vaa Sollid
Statsautorisert revisor Kristine Midtbø Mo
Statsautorisert revisor Elisabeth Beckmann

siv@revisorteam.no
inger.n@revisorteam.no
toreinar@revisorteam.no
audeva@revisorteam.no
kristine@revisorteam.no
elisabeth.b@revisorteam.no



Revisorteam Vest Telemark AS

Tilsluttet Revisorteam AS

Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gjev eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ein finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til fortsatt drift og opplyse om tilhøve av betydning for fortsatt drift. Føresetnaden om fortsatt drift skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen

Vårt mål er å oppnå den tryggleik vi treng for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil, og å gje ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Den tryggleik vi treng er ein høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjersle som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For vidare omtale av oppgåvene og pliktene til revisor blir det vist til <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Seljord, 27. juni 2024
Revisorteam Vest Telemark AS

Siv Aarmodt

Siv Aarmodt
Statsautorisert revisor

Statsautorisert Revisjonsselskap
Autorisert Rekneskapsførarselskap
Adresse Vinje
Åmotvegen 8, 3890 Vinje
Adresse Seljord:
Brøløvsvegen 47, 3840 Seljord

Org.nr.: 968 407 880
Tlf. kontor: 35 06 27 00
Avd. kontor Seljord:
Tlf.: 35 06 27 10

Statsautorisert revisor Siv Aarmodt
Statsautorisert revisor Inger Noraberg
Statsautorisert revisor Tor Einar Skarprud
Statsautorisert revisor Aud Eva Vaa Sollid
Statsautorisert revisor Kristine Midtbø Mo
Statsautorisert revisor Elisabeth Beckmann

siv@revisorteam.no
inger.n@revisorteam.no
toreinar@revisorteam.no
audeva@revisorteam.no
kristine@revisorteam.no
elisabeth.b@revisorteam.no



Admincontrol

List of Signatures Page 1/1


årsmelding VTKAS v1.2.pdf

Name	Method	Signed at
Heggtveit, Torfinn	BANKID	2024-06-26 13:54 GMT+02
Wraa, Magne	BANKID	2024-06-26 12:59 GMT+02
Sheine, Baiba	BANKID	2024-06-26 12:44 GMT+02
Rafoss, Svenn-Erik	BANKID	2024-06-26 11:40 GMT+02
Flom, Dordi Elise	BANKID	2024-06-26 11:34 GMT+02
Vee, Runa Tveit	BANKID	2024-06-26 15:41 GMT+02
Solbu, Jarle	BANKID	2024-06-26 15:08 GMT+02
Aarbakk, Hallgeir	BANKID	2024-06-26 14:30 GMT+02
Skjervagen, Erik	BANKID	2024-06-26 14:24 GMT+02




This file is sealed with a digital signature. The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

External reference: 8D564297EC784704B671F26405CB9818



2023

Årsmelding
Vest-Telemark Kraftlag AS



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
8D564297EC784704B671F26405CB9818



Vest-Telemark Kraftlag AS

Driftsinntekter

347.6 MNOK

Driftsresultat

201.7 MNOK

Årsresultat

76.2 MNOK

Bidrag utbytte


30 MNOK

Fibernet (stamnett)

463 KM

Tilsette

4



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
8D564297EC784704B671F26405CB9818

Styret sin årsmelding for 2023

Vest-Telemark Kraftlag AS (VTK AS) blei stifta 13. september 1940 av kommunane Lårdal, Mo, Vinje, Kviteseid og Seljord, og i 1948 blei Fyresdal kommune medeigar. VTK stifta i 1948 Skafså Kraftverk ANS saman med Hydro og i 1960 Sundsbarm Kraftverk DA saman med Skiensfjordens kommunale kraftselskap (SKK).

Lovendring medførte at VTK AS i 2021 blei omdanna til konsern med mor (Vest-Telemark Kraftlag Holding AS) og 2 døtrar (Vest-Telemark Kraftlag AS og Telemark Nett AS). Nettversemda ble fisjonert ut i eget selskap og konkurranseutsett verksemd (kraftomsetning, kraftproduksjon og fibereigarskap) ble verande igjen i VTK AS. Endringa skjedd med rekneskapsmessig verknad frå 01.01.2021. VTK AS er dermed eit heleigd dotterselskap av Vest-Telemark Kraftlag Holding AS, og er organisert med forretningskontor i Høydalsmo i Tokke kommune. Aksjekapitalen er på 72,1 mill.kr per 31.12.23.

VTK AS driv i dag med produksjon og omsetning av kraft, og byggjer og leiger ut fibernett. Selskapet har 4 tilsette, fordelt på 3,4 årsverk. Med 67 % eigarskap i Skafså Kraftverk ANS har selskapet indirekte totalt 9,4 årsverk. VTK kjøper òg nokre tenester frå morselskapet, nettselskapet og eksterne tilbydarar.

Kraftproduksjon



I 2023 hadde Vest-Telemark Kraftlag AS gjennom egne og deleigde kraftverk ein samla vasskraftproduksjon på 287 GWh. VTK administrerer Skafså Kraftverk ANS og fylgjer opp eigarskapa i Sundsbarm Kraftverk DA og Grunnåi Kraftverk AS. I tillegg eig og driv selskapet tre små- og mikrokraftverk: Naurak, Trontveitåna og Birtedalen og selskapet har fleire nye kraftprosjekt under tidlig utvikling. All produksjonen som VTK har eigarskap til, leverast i prisområdet NO2. Marknadsstrategien for selskapet er å gjere alt kraftkjøp og -salg i spotmarknaden. Alle kraftverka våre er sertifisert for å selje opphavsgarantiar, og disse vert selt i den europeiske marknaden gjennom Skagerak Energitjenester.

Generelt om året 2023

Etter rekordhøge strømprisar i 2022, var 2023 året der strømprisen vart meir enn halvert. Sett i ljøs av historiske prisar på 20-30 øre/kwh, er dagens prisnivå kanskje den nye normalen?

Etterspurnaden etter rein kraft er høgare enn nokon gong i Europa, og VTK er stolte av å eige og drifte kraftverk som til saman produserer over 260 GWh utsleppsfri kraft. Dette svarar til forbruket til om lag 16.000 husstandar. Som drivkraft i Vest-Telemark ynskjer me blant anna å bidra til auka kraftproduksjon. Difor er det gledeleg at Birtedalen Kraftverk kom i full drift i 2023.

Administrasjonen har hatt to småkraftprosjekt med konsesjon under utvikling i 2023. Det har i tillegg vore arbeidd med å starte opp solkraftproduksjon som eit nytt forretningsområde for VTK. Straumsal til sluttkundar har hatt ei negativ utvikling over fleire år. Det er gledeleg at me i 2023 har klart og snudd ein negativ trend gjennom mange år i 2023.



This file is sealed with a digital signature. The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

Document ID:
8D564297EC784704B671F26405CB9818

Arbeidsmiljø og personale

Personale

Ved utgangen av 2023 var det 4 tilsette i VTK AS fordelt på 3,4 årsverk. Med 67 % eigarskap i Skafså Kraftverk ANS har selskapet indirekte totalt 9,4 årsverk. Tal på tilsette held seg stabilt. VTK kjøper òg nokre tenester frå morselskapet, Telemark Nett og eksterne tilbydarar.

HMS

Selskapet arbeider kontinuerleg for eit trygt arbeidsmiljø, med mål om ingen arbeidsrelaterte skader eller ulykker. Arbeidsmiljøet er tilfredsstillande. Det vert lagt til rette for fysisk aktivitet med blant anna eiga treningsrom i VTK sine lokale i Høydalsmo. Fokus på tilrettelegging og aktiv oppfølging av langtidssjukemeldte er ei viktig målsetjing og i tråd med avtala om eit inkluderande arbeidsliv. Sjukefråveret for VTK AS var på 1,53 % i 2023. Det er ikkje rapportert om ulykker eller skader med lækjarbehandling med eller utan fråver i 2023.

Ytre miljø

VTK produserer i eit normalår 260 GWh fornybar straum i vasskraftverk og bidreg til reduksjon av fossil kraftproduksjon i det Nord-Europeiske kraftsystemet. Våre kraftverk påverkar ikkje det ytre miljø i særleg grad, utover det som var kjent ved konsesjonshandsaminga. Ved Skafså Kraftverk ANS har selskapet ein elektrisk varebil i drift.

Likestilling

Kraftproduksjon, bygging og drift av infrastruktur er tradisjonelt ein mannsdominert bransje. Selskapet arbeider for å fremje likestilling, og har elles eit lønssystem som er kjønnsnøytralt. Selskapet har ved utgangen av året to kvinner blant dei tilsette. Morselskapet, der VTK AS kjøper kontortenestar frå, har ein stor majoritetsandel kvinner. I selskapet sitt styret er tre av åtte representantar kvinner.

Åpenhetsloven

Åpenhetsloven tredde i kraft 1. juli 2022. Lova skal fremja verksemder sin respekt for grunnleggande menneskerettar og sømelege arbeidsforhold, og sikre ålmenta tilgang til informasjon. Telemark

Nett oppfyller vilkåra som gjeld for åpenhetsloven og har krav om å gjennomføre og publisere aktsemdsvurderingar innan 30. juni kvart år. VTK AS inngår i konsernet sitt arbeid med åpenhetsloven. Konsernet sin rapport for 2022 ble publisert i 2023. Rapporten skal oppdaterast og publisert på konsernet si heimeside innan 30. juni kvart år og elles ved vesentlege endringar i risikovurderingar.

Forsikring for styret sine medlemmer og dagleg leiar

Som ein del av konsernet sine forsikringsordningar, er det teikna ansvarsforsikring for styret, dagleg leiar og anna nykkelpersonell. Forsikringa dekkjer mellom anna den sikra sitt erstatningsansvar for formueskade han har påført andre gjennom sitt virke i eller for VTK AS.

Forsking og utvikling

Selskapet har ikkje hatt aktivitetar innan forsking og utvikling i 2023.

Økonomi og finans

Selskapet sine driftsinntekter vart på 347,6 MNOK i 2023. Dette er 162,4 MNOK mindre enn for 2022 (510 MNOK). Inntekter frå kraftsal minkar med 165,9 MNOK medan andre driftsinntekter aukar med 3,5 MNOK. Nedgangen i driftsinntekter kjem i all hovudsak som følgje av lågare kraftprisar. Høg produksjon i kraftverka motverker nedgangen noko.

Selskapet sitt driftsresultat for 2023 vart på 201,7 MNOK, mot 262,1 MNOK i 2022. Driftsresultatet fordeler seg med 200,8 MNOK frå kraftproduksjon/kraftomsetning, 1,3 MNOK frå fiberaktivitet og -0,5 MNOK frå anna verksemd.

Selskapet sine finansinntekter vart på 9,3 MNOK i 2023 (3,2 MNOK). Av dette kom 9,2 MNOK frå renteinntekter og 0,1 MNOK frå utbytte. Finanskostnader vart i 2023 på 8 MNOK mot 3,9 MNOK i året før. Auken i både postane frå året før er knytt til auka rentenivå. Netto finanspostar for selskapet bidrog difor totalt sett positivt til resultatet med 1,3 MNOK.



Samla skattekostnader for 2023 vart på 126,7 MNOK, ein god del under nivået i 2023 då det vart på 154 MNOK. Lågare kraftprisar i 2023 medførte lågare resultat og lågare grunnlag for grunnrenteskatt. Grunnrenteskatten vart på 78,6 MNOK i 2023 samanlikna med 94,1 MNOK året før. Skattekostnad på årets resultat vart på 48,1 MNOK (59,9 MNOK).

Årsresultat for selskapet i 2023 vart på 76,2 MNOK, mot 107,3 MNOK i 2022. Året 2022 vart eit historisk godt år grunna ekstreme kraftprisar. Året 2023 gav eit lågare resultat, men er det nest høgaste resultatet i selskapet sin levetid.

Kontantstraum og balanse

Netto kontantstraum frå operasjonell aktivitet i året vart på 68,9 MNOK i 2023. Kontantstraum frå drift og betalt skatt utgjorde til saman ein nedgang frå fjoråret på 142,3 MNOK. Positiv kontantstraumeffekt som følgje av nedgang i kortsiktige fordringar på 129,2 MNOK bidrog til at kontantstraum frå drift totalt sett enda med ein nedgang på 28,9 MNOK.

Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar vart negativ med 20,9 MNOK grunna investeringar i fiber utbetalingar ved kjøp av aksjar i Høydalsmovegen 839 AS. Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar har ein nedgang på 108,9 MNOK, hovudsakleg grunna ekstra høgt utbytte for 2022 utbetala i 2023. Netto endring i likvidar for konsernet endar difor med ein nedgang på heile 56,5 MNOK.

Totalbalansen ved utgangen av 2023 vart på 566,6 MNOK. Bokført eigenkapital auka med 46,7 MNOK til 217,5 MNOK. Dette gjev ein eigenkapitalandel på 38,4 % pr. 31.12.2023, ein solid auke frå 26,3 % pr. 31.12.2022. Netto rentebærande gjeld i selskapet vart på -21,8 MNOK mot -78,2 i 2022. Likvide midlar utgjorde 19,8 MNOK ved utgangen av 2023 (76,2 MNOK). Selskapet har i 2023 innrekna netto pensjonsforplikting i balansen. Forpliktinga har ikkje vore balanseført tidlegare er korrigerert mot eigenkapitalen med ein negativ eigenkapitaleffekt på 2,0 mill. kr. Samanlikningstal er for 2022 er difor endra.

Kapitaltilgang, likviditet og finansiell risiko

Konsernet har all ekstern gjeld hos Danske Bank, og med ein solid eigenkapitalprosent er det liten risiko for brot

på gjeldande lånevilkår. Konsernet har god kapasitet for opplåning til framtidige investeringar. VTK AS har lågare eigenkapitalprosent, men har moglegheit til støtte seg til konsernet for vidare opplåning. Alle lån er i norske kroner og er avdragsfrie i låneperioden. Auka gjeld frå lån medfører at endring i rentenivået påverkar selskapet sitt resultat i større grad. Konsernet har inngått rentesikting med ein rentebytteavtale på 50 MNOK som eit risikodempeande tiltak. Konsernet og selskapet sin likviditet er tilfredsstillande sett opp mot omfanget av eksisterande verksemd. På sikt er den største finansielle risikoen tilgang på finansiering og prisen på denne finansieringa. Selskapet er difor eksponert mot utviklinga i finansmarknadene og konsernet si kredittverdighet.

Disponeringar

Styret føresler at årsresultatet etter skatt i Vest-Telemark Kraftlag AS på 76,2 MNOK vert disponert slik:

Avsett til utbytte	28,370 MNOK
Avsett til konserbidrag	12,168 MNOK
Overført til annan EK	35,686 MNOK
Sum disponert	76,224 MNOK

Framleis drift

I samsvar med rekneskapslova §3-3 a, stadfestar styret at årsrekneskapen er avlagt under føresetnad om framleis drift.

Strategi og framtidsutsikter

Energimarknadene er i sterk omstilling og etterspurnaden etter berekraftige energiløysingar er stor. Dei siste åra har vore prega av stor uvisse om vidareføring av høgprisbidraget for kraftproduksjon, konsolidering av kraftomsetningsmarknaden, og nå nyleg forslag frå regjeringa om ny EKOM-lov. Alle disse rammevilkåra påverkar VTK AS med tanke på økonomisk resultat, investeringar og vidare strategi.

I sum forventar VTK store variasjonar i kraftprisane framover og ein meir konkurranseutsett og pressa telekom- og kraftomsetningsmarknad. Spesielt uregulert fornybar kraft kan skape ubalanse i marknaden, der ein i periodar vil få svært låge og høge prisar, noko som gjev både moglegheiter og utfordringar. VTK-konsernet sin inntening er i stor grad avhengig av kraftpris og forbruk.





Dette er faktorar som er forbundne med uvisse, og kan gje store utslag for VTK AS sine framtidige resultat. Naturlege variasjonar knytt til temperatur, nedbør, tilsig, kraftpris og rentenivå gjer at selskapet sitt økonomiske resultat varierar frå år til år.

Administrasjonen, vil difor leggje endå større vekt på risikostyring, førebyggjande tryggingstiltak og rett organisering av verksemda.

I 2022 vedtok styret å utvide aktiviteten innom kraftproduksjon til også å omfatte ny fornybar (sol og vind) som eit nytt satsingsområde. Det har vore ein lærerik prosess for alle dei involverte, men arbeidet har så langt ikkje ført fram til prosjekt som let seg realisera på kort sikt. Men administrasjonen vil helde fram med dette arbeidet der framtidige investeringar vil bli tufta på forretningsmessige prinsipp. Selskapet vil vurdere utnyttet potensial for økt vannkraftproduksjon i

samband med eventuelle nødvendige oppgraderingar og rehabilitering av dammar i Skafså Kraftverk ANS. Energibransjen er i konstant utvikling, og det må VTK AS også vera!

VTK har ei stabil positiv utvikling og ein solid økonomi. VTK vil, innanfor dei rammer som kraftmarknaden, regelverk og reguleringsregime gjev, kunne oppfylle dei mål som eigarane til ei kvar tid har for selskapet. Det er likevel klart at store investeringar i fibernett, rehabilitering av dammar ved Skafså Kraftverk ANS og vil påverka det økonomiske resultatet. Evnen til å betale utbytte vil variere frå år til år.



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
8D564297EC784704B671F26405CB9818



Signatur frå styret

Høydalsmo, 26.06.2024

Erik Skjervagen, Fyresdal kommune

Nestleiar Baiba Sheine, Vínje Kommune

Dordi Elise Flom, Tokke Kommune

Runa Vee Tveit, Nissedal Kommune

Magne Wraa, Kvitseid Kommune

Hallgeir Aarbakk, Seljord Kommune

Jarle Solbu, arbeidstakarrepresentant

Torfinn Heggveit, arbeidstakarrepresentant



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
8D564297EC784704B671F26405CB9818



RESULTATREKNESKAP

VTK AS

(Alle tall i heile 1000 kr)	Note	2023	2022
Kraftsal	1,2	315 565	481 422
Andre driftsinntekter	3	32 028	28 569
Driftsinntekter		347 592	509 992
Kraftkjøp og anna varekjøp	4	72 151	180 026
Personalkostnader	5	9 776	7 803
Avskrivningar	10,11	15 107	14 359
Andre driftskostnader	6,7	48 896	45 753
Driftskostnader		145 931	247 941
Driftsresultat		201 662	262 050
Finansinntekter	8	9 263	3 203
Finanskostnader	8	8 002	3 907
Netto finanskostnader		-1 261	704
Resultat før skatt		202 923	261 347
Skattekostnad	9	126 699	154 023
ÅRSRESULTAT		76 224	107 324
Overført til fri egenkapital		35 686	17 324
Avsett til konsernbidrag		12 168	0
Avsett til utbytte		28 370	90 000
SUM DISPONERINGAR	17	76 224	107 324



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
8D564297EC784704B671F26405CB9818




BALANSE


VTK AS

(Alle tal i heile 1000 kr)	Note	31.12.2023	31.12.2022
EIGENDELAR			
Immaterielle eigendelar	10	3 538	3 350
Varige driftsmidlar	11	270 694	269 020
Finansielle anleggsmidlar	12,13,14	193 414	11 159
Sum anleggsmidlar		467 646	283 529
Varelager		2 273	685
Kundekrav	21	29 946	38 315
Kortsiktige krav	15,21	46 957	251 008
Pengemidlar	16	19 760	76 226
Sum omløpsmidlar		98 936	366 234
SUM EIGENDELAR		566 582	649 763
EIGENKAPITAL OG GJELD			
Innskoten eigenkapital	17	143 192	132 740
Opptent eigenkapital	17	74 346	38 088
Sum eigenkapital		217 538	170 828
Utsett skatt	9	4 086	2 564
Pensjonsforpliktingar	18	1 624	2 554
Langsiktig gjeld	19	153 000	153 000
Leverandørgjeld	22	12 107	40 203
Kortsiktig gjeld	9,17,20,22	178 227	280 615
Sum gjeld		349 044	478 935
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		566 582	649 763

Høydalsmo, 04.06.2024


Erik Skjervagen, Furesdal kommune


Dordi Elise Flom, Tokke Kommune


Magne Wraa, Kvitseid Kommune


Jarle Solbu, arbeidstakarrepresentant


Nestleiar Baiba Sheine, Vinje Kommune


Runa Vee Tveit, Nissedal Kommune


Hallgeir Aarbakk, Seljord Kommune


Torfinn Heggveit, arbeidstakarrepresentant



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
8D564297EC784704B671F26405CB9818

**KONTANTSTRAUMOPPSTILLING**

Indirekte modell

		VTK AS	
	Noter	2023	2022
Kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter			
Resultat før skattekostnad		202 923	260 635
Betalt skatt i perioden	9	-153 352	-68 749
Gevinst/tap ved sal av anleggsmidler		568	-
Ordinære avskrivninger	11	15 107	14 359
Nedskrivning anleggsmidler		-	-
Endring i varelager		-1 588	-411
Endring i kundefordringer		17 110	-112 082
Endring i leverandørgjeld		-11 691	3 982
Endring i forskjell mellom kostnadsført pensjon og inn-/utbetalinger i pensjonsordninger		-197	-
Effekt av valutakursendringer		-	-
Endring i andre tidsavgrensingsposter		-	-
Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter		68 881	97 733
Kontantstrøm fra investeringsaktiviteter			
